Referat FAU-møte for Orre skule

Dato: 03.06.19
Sted: Meir læring for alle

Til stade:
Linda Skauvik (1. trinn), Gjert Birkeland (3. trinn), Kjetil Egeland (4. trinn), Ingve Hognestad (5. trinn), Lene Therese F. Lokøy (6. trinn), Jette Bjorland (8. trinn), Arne Petter Mossige (9. trinn), Bjørn Kverneland (klassekontakt 1. trinn), Åsne Wiig (2. klasse)
Påtroppande rektor: Stine Karen Kjellås
Fungerende rektor: Agnethe

Forfall: Irene Wiig Furås (2. trinn), Tina Ihler (10. trinn)

Saksnr.	Referert	Ansvarleg
Info fra rektor	Stine Karen Kjellås informerte om seg, sin bakgrunn og start som rektor ved Orre Skule	
030619-0	**Gjennomgang av referat fra førre møte. Oppfølging og resultat. Opne saker:** **Bruk av «smartphone», sak 240918-3** Konklusjon: FAU ønsker at alle FAU klasserepresentanter tar dette opp i kvar sin klasse og kjem fram til ei semje for den klassen. FAU får inn resultata på eit tidleg møte i haust for å gå gjennom status. **Ny struktur for saksnummer + dropbox, sak 191118 – 5** Flytte til fyrste møte til hausten **Registrere FAU som føretak, sak 191118 – 6** Bjørn samla inn personnummer for registrering av FAU medlemmer. Bjørn fullfører no registreringa. Alle må sannsynlingvis logge inn i Altinn og godkjenne når dei får e-post.	Bjørn Gjert Gjert Bjørn
030619-1	**Konstituere FAU skuleåret 2019/2020** Leiar – Gjert Lillejord Birkeland Nesteleiar – Linda Skauvik Sekretær – Ingve Hognestad Økonomiansvarlig – Irene Wiig Furås Informasjons/Kommunikasjonsansvarleg – Tar det opp att fyrste møte til hausten. Ideen er å velje ein person som 3 gonger i året lager eit presentabelt pdf dokument der ein kommuniserer kva FAU jobbar med av prosjekt. Slik sender alle representantane det same skrivet til foreldra i sine klassar, og det blir enklare å halde god orientering. Personen kan og jobbe med andre prosjekt som ein blir samde om i FAU	Bjørn
030619-2	**Valg av representanter til driftsstyret.** Leiar: Bjørn Kverneland Repr.1: Jette Bjorland Repr.2: Arne Petter Mossige	Bjørn

	Gjert L. Birkeland går inn i kommunalt FAU. SU/SMU utgår	
030619-3	**Sommaravslutning med dugnad i skulegarden.** Lene Therese Lokøy samlar ein gjeng som kan male baner for «osten» og eventuelt anna ungane ynskjer og får gjennomført dugnaden. Flyttar sommaravslutning til ein kick-off (Velkomen til nytt skuleår) etter ferien måndag 02. september. Gjennomføring vert avklara på fyrste møte etter sommaren.	Lene Therese ….
030619-4	**Forslag om at juleavslutning er for 1-3 trinn for å få betre plass, 4. trinn har México Lexico.** 4 alternativ vart diskutert: 1. Forslag om å samkøyre juleavslutning saman med idrettslaget i hallen og heller utvide til alle trinna på barneskulen. 2. Forslag om å eventuelt flytte alt til samfunnshuset. 3. Forslag om å halde på det i noverande form 4. Forslaget slik det vart lagt fram For å konkludere ynskjer ein meir informasjon rundt kva alternativa vil bety til neste møte, særleg ifht forslag 2. Agnethe sjekkar med skulen om det er grunnar for at ein helst ynskjer å ha arrangementet i Aulaen. FAU vil ta opp att saka på neste møte	Rektor Agnethe/Rektor
030619-5	**Vennegruppe etter 4. trinn? Sosiale arrangement for foreldre?** FAU ynskjer å oppfordre til å fortsetje vennegrupper for 1.-4. trinn. FAU ynskjer å bidra til ein form for «ungdomsklubb» for elevar frå 5. trinn og opp, som kan skje for eksempel 1 gong/mnd, og der ulike klassar vert sett opp på dugnad på å arrangere dette ulike månader. Detaljane vert planlagt fyrste møte i neste skuleår.	Rektor
030619-6	**Skal FAU ha ein felles haldning til invitasjon til selskap?** FAU har ei haldning at ved selskap skal enten alle i kvart kjønn bli invitert, eller alle saman i klassen. FAU oppfordrar til at alle foreldre tar ansvar for å inkludere alle ungane i flest mogeleg høve, og at ein sikrar at ingen born vert ekskludert, uansett kva det gjeld. Om foreldre er usikre er dei velkomne til å ta kontakt med oss for å drøfte ei eventuell problemstilling dei har møtt.	Rektor
030619-7	**Ressursfordeling 1. trinn (neste år 2. trinn) innspill fra klassekontakter.** Foreldre i 1. trinn ynskjer at ordninga med delt klasse fortset til neste år, då dei har erfart at dette er ei svært god ordning, som gjev positive resultat for ungane. Frå komande 1. klasse vart det også ytra ynskje om delt klasse, basert på dei gode tilbakemeldingane frå dette prosjektet	

	Rektor: Me tek dette til etterretning, men har pt ikkje fått høve til å sjå på det og planlegge detaljane i oppsettet for neste år. Det vil uansett vere den same lærartettleiken som det har vore for klassen. Det same gjeld for rutine for neste års fyrsteklasse.	
030619-8	**Avvikling av ungdomsskolen: Korleis skal dette gjerast?** Bjørn refererte til avvikling av ein klasse på ungdomsskuletrinnet, og at dette er negativt for rolla FAU har i systemet. Det var og uheldig at saka gjekk «over hovudet» på skuleleiinga, og dette har skulesjefen tatt kritikk på. Skuleleiinga har retta den same kritikken, og presisert at skulesjefen må ta med seg FAU og skuleleiinga og be foreldre følgje rette linjer. Det vart presisert at dette ikkje er klassekontakten sitt prosjekt, men at det var gjort handsopprekking i klassen. FAU ser at ein ikkje har hatt den rolla ein burde hatt i denne saka, og har difor ikkje hatt høve for å påverke informasjonsflyten og resultatet. Agnethe har bede om ein skriftleg plan frå skulesjefen for avvikling av ungdomsskulen, men har pt ikkje motteke noko. Agnethe fylgjer dette opp vidare.	
030619-9	**Eventuelt** **1.** Volumet på øyretelefonane på nettbretta kan justerast høgare enn tilrådd desibelnivå. Saka blir tatt vidare saman med sak om nettbrett som vart spelt inn til skulesjefen i dialogmøte i vinter. Bjørn fylgjer opp skulesjefen ifht tilbakemelding på denne saka. Silje Marie Strandberg (Sommerfugleffekten) skal halde eit føredrag for personalet 01.10., for foreldre 02.10. og for elevane på dei øvste 4 trinna 03.10. Føredraga for elevane blir i to grupper for hhv. 6.og 7. klasse og for 9. og 10. klasse. FAU er svært positive og takkar for at skulen har fått til dette. Det vart reist spørsmål om ein skulle vurdere tilsvarande opplegg for dei yngre elevane også. Vurdering av eventuelle tiltak mot yngre elevar kan tas på hausten **2.** Jette spelte inn om ho kunne arrangert eit føredrag om erfaringar ved leksefri skule. Jette sender ut informasjon om dette til FAU i forkant av neste møte, og me tar opp att saka der. Rektor førebur innspel i den anledninga. **3.** Jette speler inn ei sak om varmmat på skulen og gjev melding om at dette er noko ho gjerne ynskjer å bidra til. Rektor informerte om at Jorunn Beate hadde starta på ein skulebruksplan (korleis skulen skal sjå ut etter ombygging). Der var det teikna inn kantine. Rektor tar med seg informasjon om dette til neste møte.	Bjørn Jette Jette Rektor

	Dato neste møte / Årshjul for møter neste skuleår: Mandag 26. august Mandag 14. oktober Mandag 25. november Mandag 20. januar Mandag 30. mars Tirsdag 02. juni Alle møta vert sett opp kl. 18. Lengda på møta kan variere etter agenda	

Referent: Gjert Lillejord Birkeland